

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hornindal kommune

Utval: Kontrollutval - Hornindal kommune
Møtedato: 28.05.2013
Møtetid: 11.00
Stad: Smia
Møtenr.: 2/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet og Administrasjonssjefen sakene 12-14/13 og revisor saken 12-13/13.

Melding til: Ordfører(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

- 010/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 011/13 Skriv og meldingar.
- 012/13 Avslutning prosjektrekneskapar.
- 013/13 Årsrekneskapen 2012 – Hornindal kommune.
- 014/13 Orientering investeringsprosjekta «Parekerinsplass i Sentrum» og «Otterdalselva» - status.
- 015/13 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt «Stem for vedlikehald av bygningar».
- 016/13 Oppfølgingsliste 2-2013.
- 017/13 Eventuelt.

Hornindal 22.05.2013

Ola Are Ytrehorn (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

010/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 22.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

011/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	011/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 05-13 Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Hornindal kommune.

SM 06-13 Vedtak kst sak 011/13 Årsmelding kontrollutvalet 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SM05-13

SkatteetatenSaksbehandlar
Solveig Lamark

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/159782

Kommunestyret i Hornindal kommune

6763 Hornindal

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Hornindal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søkjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest, Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.noBesøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr. : 991733108Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Hornindal kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 83 309 698 og uteståande restansar² på kr 1 022 794. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 18. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Hornindal kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	2,48	99,16	96,80	95,25	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	8,67	100,00	99,80	100,00	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	6,45	99,22	98,50	99,18	99,22
Forskotstrekk 2011	21,45	100,00	99,90	100,00	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	3,33	100,00	99,80	100,00	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	0,54	100,00	99,50	100,00	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren i Hornindal kommune er ikkje med i noko interkommunale kontrollsamarbeid. Alle arbeidsgjevarkontrollane er gjennomført av skatteoppkrevjaren.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande :

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
52	3	3	5,8%	5,8%	3,6%	4,3%

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
0,2	0,2	0,2

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 23. oktober 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret funne følgjande vesentlege manglar som ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk:

- Mangelfull og manglande rekneskapsdokumentasjon
- Mangelfulle og manglande rutinar for rekneskapsføring og rapportering

Rekneskapen gjev likevel eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**


På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, retningslinjer og vert utført i tilstrekkeleg omfang.



5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlinger i 2012 gitt pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 8. november 2012.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Hornindal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Hornindal kommune
- Riksrevisjonen

SM06-13



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kommunestyret	07.03.2013	011/13	BS

Saksansvarleg: Brita Sollid	Arkiv: 040	Arkivsaknr.:
	Objekt:	11/818 - 22

Årsmelding Kontrollutvalet 2012

Sakstfang/Lover/Plandokument

- Kommunelova
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar

Saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, jfr. Kml.§ 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova § 77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Årsmelding for 2012 frå kontrollutvalet i Hornindal kommune vert godkjent.

Brita Sollid /s.
- rådmann -

07.03.2013 KOMMUNESTYRET

KS-011/13 VEDTAK:

Samr.: Kontrollutvalet si tilråding til vedtak vert godkjent.

012/13 AVSLUTNING DIVERSE PROSJEKTRKESKAPAR – 2013 - HORNINDAL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2011	012/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg:

- Sak frå Utval for utvikling; 018/13 Avslutning diverse prosjektrekneskap – 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt).

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Under føresetnad av mindreforbruk i prosjekt med mindreforbruk vert disponert i samsvar med regleverket og meirforbruk i prosjekt med meirforbruk vert oppfinansiert i samsvar med regleverket, har ikkje kontrollutvalet merknader til at dei avslutta prosjektrekneskapane for 2013 vert godkjende slik dei ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET :

Saksutgreiing

AVSLUTNING DIVERSE PROSJEKTRKESKAPAR – 2013 - HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskapar for avslutta prosjekt i Hornindal kommune. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje fråsegn til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet si fråsegn vil vere basert på revisor sin uttale og dei dokument som vert lagde fram av administrasjonen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar:

Det vert vist til oversikta som ligg føre frå Utval for utvikling i sak 018/13 Avslutning diverse prosjektrekneskap – 2013 av 17.04.2013.

Prosjektrekneskapane som er avslutta er lagde fram for Kommunerevisjonen i Nordfjord. Det er ikkje skriven særskilt revisjonsmelding for prosjektrekneskapane, men revisor stadfestar i e-post av ??.05 at Kommunerevisjonen i Nordfjord har gått gjennom rekneskapane for dei avslutta prosjekta, og at dei ikkje har hatt merknader til nokon av desse.

Budsjettråma for prosjektrekneskapane samla var kr. 10.678.500,- medan resultatet for prosjekta vart kr. 10.394.071,61. Prosjektrekneskapane syner såleis eit samla mindreforbruk på kr. 284.428,39.

I rekneskapssaker gjev formannskapet innstilling til kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om prosjektrekneskapane, også med omsyn til kva måte mindreforbruk skal disponerast og meirforbruk dekkast.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til det som ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapane for investeringsprosjekta kan godkjennast slik dei ligg føre. Dette under føresetnad av at disponering/dekking av mindreforbruk/meirforbruk i dei enkelte prosjekt skjer i samsvar med regelverket.



HORNINDAL KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

1. 140

SEKOM-sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref.
13/189-2/212 / /SOL

Dykkar ref.

Dato:
18.04.2013

**Melding om vedtak - Avslutning diverse prosjektrekneskap Hornindal
kommune - 2013**

Saka vart handsama i Utval for utvikling 17.04.13 – sak 018/13.

Vedlagt vedtak i saka for vidare handsaming i kontrollutvalet.

Med helsing

Solfid O. Lien
Solfid Otterdal Lien
Skr.



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for utvikling	17.04.2013	018/13	EJØ

Saksansvarleg: Eva Janikke Øen	Arkiv: 212	Arkivsaknr.:
	Objekt:	13/189 - 1

Avslutning diverse prosjektrekneskap - 2013

Sakstilfang / Lover / Plandokument

- Budsjett perioden 2000 – 2012
- Rekneskap perioden 2000 – 2012
- Rekneskap for kvart av prosjekta

Saka gjeld

Prosjektrekneskapen for avslutta prosjekt vert lagt fram for godkjenning. Revisjonen har gått gjennom rekneskapen for prosjekta. Samla forbruk er kr. 284.428,39 mindre enn budsjettert.

Drøfting

Opplisting av budsjett/ rekneskap for dei aktuelle prosjekta:

Prosjekt	Navn	Budsjett	Rekneskap	Innsparing/ Merknadar overskriding
4126	Lagerbygg Ytrehorn	3 943 000,00	3 939 514,40	-3 485,60
4147	Bustadbygging utanfor regulert område	50 000,00	20 000,00	-30 000,00 Bruk av utv.fond
4151	Stimulere til kompetansearbeidsplassar	133 000,00	13 500,00	-119 500,00 Bruk av nær.fond og utv.fond
4157	Legging av fast dekke	497 000,00	491 708,82	-5 291,18
4158	IT-investeringar IT-plan 2009	140 000,00	139 995,34	-4,66 Bruk av kap.fond
4160	Tilflytting til Nordfjord	155 000,00	155 000,00	0,00 Bruk av utv.fond
4165	Varmepumpe omsorgssenteret	1 634 000,00	1 632 304,94	-1 695,06
4168	Utb. Hornindal skule	150 000,00	137 437,50	-12 562,50 Bruk av disp.fond
4177	Legging av fast dekke	500 000,00	498 310,60	-1 689,40 Reell innsparing 700
4186	Ferister	162 500,00	151 379,39	-11 120,61 Momskompensasjon
4187	Industrivaskemaskin brannvesen	37 500,00	27 500,00	-10 000,00 Reell innsp. 0 (2.000 mindre momskomp. 8.000 mindre refusjon)
4189	Maskinutstyr uteseksjonen	162 500,00	160 593,00	-1 907,00 Reell innsparing 1.500
4209	Legging av fast dekke 2011	571 000,00	539 277,41	-31 722,59
4210	Legging av fast dekke 2012	300 000,00	290 761,36	-9 238,64 Reell innsparing 2.000
4213	IT-investeringar IT-plan 2012	150 000,00	149 999,25	-0,75
4214	Kvalitetssikringssystem	1 465 000,00	1 465 000,00	0,00
4229	Los Nordfjord	383 000,00	383 000,00	0,00
4233	Dampgenerator	245 000,00	198 789,60	-46 210,40
INNSPARING (OVERSKOT)		10 678 500,00	10 394 071,61	-284 428,39
	Unytta midlar bruk av lån			92 604,83
	Unytta midlar bruk av fond			159 505,41

Mindre momskomp. og refusjon

32 318,15 Sum innsparing: 284 428,39

Prosjekt som går ut:

4140	Utbyggings og marknadsføringsselskap	500 000	0	-500 000,00	Bruk av utv.fond
4145	Tilskot til husbygging	50 000	0	-50 000,00	Bruk av utv.fond
4146	Arkitekt hjelp - bustadar	20 000	0	-20 000,00	Bruk av kons.fond
4154	Kultursmie - sentrum	150 000	0	-150 000,00	Bruk av fond (kons/nær/utv)
4155	Aktivitetsselskap - Hornindal Skisenter	33 000	0	-33 000,00	Bruk av utv.fond
4196	Varslingsanlegg Hornindal brannvesen	125 000	0	-125 000,00	Lån
4211	Trafikksikringstiltak 2011	900 000	0	-900 000,00	Lån, statstilskot
4218	Trafikksikringstiltak 2013	500 000	0	-500 000,00	Lån, statstilskot
4227	Fannemel vassverk - strakstiltak	200 000	0	-200 000,00	Lån

Kommentar til enkelte prosjekt.

Prosjekt 4147 Bustadbygging utanfor regulert område.

Det vart sett av kr. 25.000 per år i 2006 og 2007 finansiert med bruk av utviklingsfond jf handlingsplan for utvikling. Det er utbetalt tilskot til 2 husbyggjarar (etter søknad).

Prosjekt 4151 Stimulering til kompetansearbeidsplassar.

Prosjekt vart sett opp i forbindelse med handlingsplan for utvikling, finansiert med bruk av næringsfond og utviklingsfond. Ubrukte midlar blir tilbakeført fonda.

Prosjekt som går ut:

Prosjekt 4140 Utbyggings og marknadsføringsselskap

Midlane er ført tilbake til utviklingsfondet jf vedtak i K-sak 047/09.

Prosjekt 4145 Tilskot til husbygging, 4146 Arkitekt hjelp - bustadar, 4154 Kultursmie – sentrum og 4155 Aktivitetsselskap – Hornindal skisenter

Dette er prosjekt som er budsjettert i 2006 og 2007 på bakgrunn av tiltak oppsett i handlingsplan for utvikling. Av ulike årsaker er ikkje prosjekta oppstarta. Dersom det er aktuelt å gjennomføre nokre av tiltaka, må midlane løyvast på nytt.

Prosjekt 4196 Varslingsanlegg Hornindal brannvesen

Det er ikkje aktuelt å gjennomføre prosjektet fordi brannvesenet har teke i bruk UMS-varsling (varsling via mobiltelefon).

Prosjekt 4211 Trafikksikringstiltak 2011

Kommunen fekk ikkje tildelt trafikktryggingmidlar, kommunestyret vedtok i sak 042/11 at tiltaket ikkje skulle gjennomførast no p.g.a. høge kostnader. Tiltaket må evt. setjast opp på nytt i samband med rullering av veg- og trafikktryggingplanen.

Prosjekt 4218 Trafikksikringstiltak 2013

Det vart ikkje søkt om trafikktryggingmidlar for 2013, prosjektet går ut.

Prosjekt 4227 Fannemel vassverk - strakstiltak

Prosjektet utgår som følge av at det er sett i gong arbeid med sambinding av Fannemel vassverk og Holebakkane vassverk.

Drøfting/ økonomiske konsekvensar

Dei opplista prosjekta vert lagt fram for godkjenning til kontrollutvalet.

Prosjekta er gjennomført i tråd med kommunestyret sine vedtak, og ligg samla sett innanfor godkjent budsjettramme.

Samla innsparing/ mindre forbruk på dei opplista prosjekta er kr. 284.428,39. Tilsvarende sum er unytta midlar (reduisert låneopptak, mindre bruk av fond og mindre motteke refusjon/momskomp).

Framlegg til vedtak:

1. Utval for utvikling har ikkje merknader til dei framlagde prosjektrekneskapa.

Ann Kristin Langeland /s.
- rådmann -

17.04.2013 UTVAL FOR UTVIKLING

UFU-018/13 VEDTAK:

Samr.: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent

Kopi til:

SEKOM-sekretariat

Postboks 338

6802

FØRDE

Hornindal 18.04.2013

Solfrid Otterdal Lien
- Sekretær -


Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 22. mai 2013 09:16
Til: 'haldor.sunde@stryn.kommune.no'
Kopi: 'Markvard Sunde'
Emne: Diverse avslutta prosjektrekneskapar 2013 - Hornindal
Vedlegg: Diverse avslutta prosjektrekneskapar 2013 - Hornindal.pdf

Kan du stadfeste at rekneskapen for investeringsprosjekta lista opp på vedlagte dokument er reviderte?

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

Avventar svar
på denne
22/5-13
at

013/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	013/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Hornindal kommune.
- Rekneskap 2012. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2012. (Sendt frå kommunen).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Hornindal kommune, datert 28.05.2013.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Hornindal kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet sitt utkast til fråsegn er utarbeidd i samsvar med mal utarbeidd av NKRF i 2005/2006.

014/13 ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	014/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 012/10 og 07/11.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande.

Konstituert rådmann orienterte kort om prosjekta "Parkeringsplass i sentrum" og "Otterdalselva".

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og ber om ei grundig orientering i neste møte i kontrollutvalet 28. mai 2013.

Saksutgreiing

ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering ved rådmannen om investeringsprosjekt under arbeid.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 012/10 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" i kontrollutvalsmøte 25.11.2010 tok kontrollutvalet opp sak om tiltak i kontrollutvalsarbeidet. Kontrollutvalet gjorde bl.a. følgjande vedtak i saka.

- Kontrollutvalet vil kvart år i august/september ha orientering frå administrasjonen om status på investeringsprosjekt under arbeid.

Administrasjonen er orientert om vedtaket i brev 26.11.2010.

Administrasjonen har ved fleire høve i 2012 orientert om konkrete investeringsprosjekt.

22.01.2013 er det sendt brev til Hornindal kommune der vi ber administrasjonen førebu ei ny orientering om investeringsprosjekt under arbeid til kontrollutvalsmøtet 30.01.2013.

- I kontrollutvalsmøte 30.01.2013 orinetererte konstituert rådmann og plansjef om investeringsprosjekt. Det vart særskilt orientert om prosjekta "Parkeringsplass i sentrum" og "Otterdalselva".

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak: *«Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og ber om ei grundig orientering i neste møte i kontrollutvalet 28. mai 2013.*

Møtereferat er sendt kommunen 30.01.2013.

Rådmannen v/økonomisjef er orientert pr telefon 21.05.2013 om at han vert kalla inn til møtet for å orientere om prosjektrekneskapar og om status på prosjekt under arbeid.

Sekretariatet sine vurderingar:

05/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SYSTEM FOR VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR- TINGING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	015/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "System for vedlikehald av bygningar» vert godkjent.
- Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SYSTEM FOR VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR- TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”System for vedlikehald av bygningar.”

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon 01.10.12 i sak 028/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016. Kommunestyret vedtok planen i møte 13.12.2012 i sak 109/12.

Kontrollutvalet valte i kontrollutvalsmøte 30.01.2013 sak 03/13 Forvaltningsrevisjon «Saksutgreiing og avgjerdsmynde – avklaring» å omprioritere prosjekta i planen, slik at det no er utarbeidd eit utkast til tinging av det tredje-prioriterte prosjektet i planen. Kontrollutvalet valte også å endre namn på prosjektet frå «Drift og vedlikehald av bygningar» til «System for vedlikehald av bygningar». Utkastet ligg ved.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KIN, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KIN.
- Tilbakemelding frå KIN vedr. tingingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KIN i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KIN.
- Levering av prosjekt KIN til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 Stryn

Hornindal mai 2013

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT « SYSTEM FOR VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR » - HORNINDAL KOMMUNE

Prosjektnamn

System for vedlikehald av bygningar.

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Hornindal gav 01.10.2012 kommunestyret i Hornindal tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Hornindal gjorde 13.12.2012 i sak 109/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vedtak i saka i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 015/13 28.05.2013.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Hornindal kommune ynskjer ei vurdering av om systemet for vedlikehald av bygningar er tilfredsstillande.

Avgrensing av undersøkinga

Bygningar Hornindal kommune eig. Prosjektet skal ikkje omfatte vurdering av tilstanden til bygningsmassen.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- I kva grad har Hornindal kommune gode system for planmessig vedlikehald av bygningsmassen?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.

RSK001.

NOU 2004:22

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.


Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.

Rapport skal leverast innan januar 2014.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 15/13 28. mai 2013.

Ole Are Ytrehorn (s)
-kontrollutvalsleiar-



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

016/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 - HORNINDAL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.05.2013	016/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Hornindal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 Hornindal vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2 - 2013 HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22. mai 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2- 2013 - Hornindal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11	Oppfølging	24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til kst. 03.05.12 Vedtak kst sak 138/12.
05/12 Orientering – Investeringsprosjekt.	03.02.12		03.02.12 Vedtak i KU: Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11. Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn. 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra – krav om bidrag frå private ikkje fakturert. Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering. 08.02.12 Sendt brev til Hornindal kommune Sjå sak 011/12.07/13 og 014/13.
11/12 Orientering investeringsprosjekt.	25.05.12		- 25.05.12 - <i>Prosjekt 4056, 4007, 4005 som gjeld parkering i sentrum vi bli prioritert av administrasjonen. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar.</i> - <i>4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra. Administrasjonen vil ta kontakt med den enkelte grunneigar og kalle disse inn til eit møte.</i> Vedtak KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande og kontrollutvalet vil kalle inn administrasjonen på første møtet i 2013.
026/12 Praktisering av retningslinjer om å gje dagmulkt.	01.10.12		01.10.12 Vedtak KU: -Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å utarbeide rutinar om korleis ein skal praktisere bruk av dagmulkt ved kontraktsskriving. -Kontrollutvalet følgjer opp saka og ber om tilbakemelding om kva som vert gjort. 04.11.12 Brev sendt til Hornindal kommune.
001/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU – Ingen merknader.
002/13 Skiv og meldingar.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU – Teke til vitande.
003/13 Forvaltningsrevisjon – «Saksutgreiing og avgjerdsmynde» - avklaring.	30.01.13		30.01.13 Vedtak KU- - Kontrollutvalet avbryt arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet "Saksutgreiing

			og avgjerdsmynde. - Kontrollutvalet vel i staden prosjektet "System for vedlikehald av bygningar". - Sekretariatet utformar tingingsdokument til neste møte i kontrollutvalet.
004/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	30.01.13		30.01.2013 – Vedtak KU – Teke til vitande.
005/13 Møteplan 2013 for kontrollutvalet.	30.01.13		30.01.13 – Vedtak KU – Godkjent.
006/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.	30.01.13		30.01.13 – Tilråding til kst. 01.02.13 s/ kst. 07.03.13; vedtak kst sak 011/13.
0074/13 Orientering investeringsprosjekt.	30.01.13		30.01.13 – Vedtak KU – Teke til vitande. Ber om ny orientering i kontrollutvalsmøtet 28.05.13. 30.01.13 s/møtebok med vedtak. 21.05.13 Orientert pr tlf om at rdm vert kalla inn.
008/13 Pååfægomsøoste 1-2013.	30.01.13		30.01.13 – Vedtak KU – Teke til vitande.
009/13 Eventuelt	30.01.13		30.01.13 – Det vart ikkje teke opp saker.

Oppdatert 22.05.13.

017/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 22.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.